



IL JOTUN



KLUBBHANDBOK



VERSJON 1.2



IL JOTUN

Innleiing

Årsmøtet har gjeve hovudstyret i IL Jotun mandat til å utarbeida ny klubbhandbok for idrettslaget. Dette arbeidet vart så delegert til arbeidsutvalet, som har hatt prosjektleiaransvaret.

Det har gått føre seg ein grundig og inkluderande prosess, der alle særgrupper har fått kome med sine synspunkt, som ligg til grunn for versjon 1.0 av IL Jotun si nye klubbhandbok.

I det viktige arbeidet med å koma fram til visjonen og kjerneverdiane til IL Jotun, har det vore eit tett og godt samarbeid med Sogn og Fjordane Idrettskrins.

Det har vore lagt vekt på å få til ei dynamisk klubbhandbok der framtidige endringar lett skal kunne innarbeidast og bli ein del av klubbhandboka. Denne vil difor ikkje bli produsert i trykt utgåve, men vera tilgjengeleg for ålmenta elektronisk på IL Jotun sine heimesider.

Grunntanken med klubbhandboka har vore å definera viktige overordna retningslinjer for organisering og drift av idrettslaget. Vidare har det vore viktig å få til ei bok som gjev både medlemmar og andre tilgang til viktig informasjon vedrørande organiseringa og aktiviteten i laget. Kvar enkelt særgruppe har sin eigen portal på heimesida, så når det gjeld viktig informasjon om dei enkelte særgruppene, er det lagt vekt på å visa til kvar denne informasjonen finst på deira portal. Difor vil ikkje klubbhandboka gje fyldig informasjon om særgruppene, men innehalda linkar til gruppene sin portal.

For at klubbhandboka skal vera "levande" og bli så dynamisk som målsetjinga er, er det utnemnt ein ansvarleg person for oppdatering og vidareutvikling av boka. Vidare er kvar enkelt særgruppe v/leiar ansvarleg for å ha ein web-redaktør som syter for at deira portal til ei kvar tid har oppdatert og riktig informasjon.



IL JOTUN

Bakgrunn – Historie

IL Jotun er eit ektefødd barn av Øvre Årdal Skilag, som vart skipa 30.mars 1923 og fotballaget Jotun frå 17.april 1935. Etter ein 5 år lang idrettsstreik under krigen 1940-45 slo laga seg saman 10.juni 1945 under namnet "Idrottslaget Jotun". IL Jotun har i alle år prega idrettsarbeidet i bygda, og har frå 1923 følgt med i idretten si utvikling til beste for alle som soknar til og er interesserte i laget sitt viktigaste arbeid. Laget har i dag om lag 1000 medlemmar, og eit breitt aktivitetsnivå som er tilpassa dei aller fleste. I 2012 har laget desse gruppene: handball aldersbestemt og senior, fotball, ski, motorsport, styrkeløft, allidrett, friidrett, sykkel og turn.

I den velkjende jotunsongen heiter det m.a.:

"La oss dei andre visa, samhald det gjer oss stor, kom la oss Jotun prisa, syng så i samla kor. Raude og grønne, fargar me ber, med dei skal me gjera æra på vår færd".

Innhaldet i songen er og viktig for nye generasjonar og står like godt i dag som den gongen songen vart skriven. IL Jotun sine mål rettar seg mot god sportsleg framgang og eit positivt og utviklande miljø.

Klubbhuset, som vart bygd midt på 50-talet, er eit viktig samlingspunkt for Jotun sine mange medlemmar og har ein viktig miljøskapande funksjon. I åra framover vert det viktig for oss å ta godt vare på alle aktive samstundes som me opnar for størst mogleg breidde. Gjennom trening, konkurransar og god leiing vil me leggja tilhøva til rette på følgjande måte:

"Trivsel skapar framgang; me femnar om breidda og tek vare på toppane!.

Me set difor vår lit til god oppslutnad frå medlemmane våre og andre til beste for IL Jotun.



IL JOTUN

IL Jotun - Verdigrunnlag

IL Jotun er eit allidrettslag som er medlem i Norges Idrettsforbund. Laget styrer etter reglar og retningslinjer utarbeidde av Norges Idrettsforbund og særforbunda underlagde NIF.

Det er viktig at alle har oppfatta og lojalt sluttar seg til ei felles målsetjing for aktiviteten i laget, og at alle arbeider etter dei same grunnprinsippa. Først då er me med på å utvikla glade, harmoniske ungar som trivst med leik og fysisk aktivitet, som utviklar sjølvtilitt og kreativitet og som opptrer som positive personar i det sosiale miljøet.

Alle aktivitetane til IL Jotun skal fremja følgjande kjerneverdier:

Inkludering – Haldningsskaping – Meistring - Respekt

Aktivitetane våre skal forankrast i Norges Idrettsforbund sine reglar og retningslinjer for aldersbestemt- og senior idrett. Det betyr i praksis at:

IL Jotun skal engasjera flest mogleg, og lengst mogleg, ved å gje eit tilbod tilpassa dei enkelte sine interesser, deira motivasjon og ferdigheitsnivå.

IL Jotun skal vera best på å utvikla gode leiarar og trenarar som er gode rollemodellar for utøvarane.

IL Jotun skal vera ein pådrivar for å utvikla anlegg i tråd med laget sine behov.

IL Jotun skal vera ein pådrivar overfor næringsliv og lokale og regionale myndigheiter for å sikra best moglege rammevilkår for våre aktivitetstilbod.

IL Jotun skal vera best på organisering og ressursutnytting, og laget skal ha ein sunn økonomi.



IL JOTUN

Vår visjon

IL Jotun skal vera Årdal sin viktigaste samfunnsaktør!

Det betyr i praksis at:

IL Jotun skal vera ein verdiskapar for lokalsamfunnet som fremjar trivsel og godt miljø gjennom eit breitt og inkluderande aktivitetstilbod for alle.

IL Jotun - Kjerneverdier

All aktivitet i IL Jotun skal gjennomførast med grunnlag i desse kjerneverdiane:

All vår aktivitet skal vera **INKLUDERANDE** - det betyr at me skal:

Ha alle med!

Sjå alle både i trening og kamp!

All vår aktivitet skal vera **HALDNINGSSKAPANDE** - det betyr at me skal:

Ha leiarar og trenarar som er gode rollemodellar!

Vera klare og tydelege på å fremja gode og sunne haldningar!

Alle skal oppleva **MEISTRING** - det betyr at me skal:

Gje alle ei oppleving av meistring på sitt nivå!

Handsama alle individuelt!

All aktivitet skal utøvast med **RESPEKT** - det betyr at me skal:

Ha respekt for kvarandre, både som utøvarar, trenarar og dommarar!

Ha respekt for idretten og laget sitt regelverk!



IL JOTUN

Ha respekt for laget sitt inventar og utstyr!

Alt arbeid i IL Jotun skal vera prega av frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd. Organisasjonen vår skal ta vare på det frivillige engasjementet og utvikla dette vidare.

Foreldre/frivillige er vår viktigaste ressurs, og me skal difor kontinuerleg ha fokus på tiltak for å behalda desse. Me er ein demokratisk organisasjon der enkeltindividet sine meiningar skal få koma til uttrykk, men samstundes er det fleirtalet sine avgjerder som skal respekterast.

Medlemmar og andre organisasjonsledd skal høyrast før viktige avgjerder vert tekne. Me skal ha fokus på samarbeid og informasjon slik at alle i organisasjonen føler at dei vert ein del av heilskapen.

Me skal ha fokus på likeverd der alle vert handsama likeverdig, og der alle viser respekt for eigenart og særpreg til enkeltindivid, både innan dei ulike idrettane og idrettane imellom.

GRUNNLEGGANDE FOR ALL AKTIVITET

Idrottslaget Jotun skal aktivt kjempa mot doping ved å fremja ein ærleg og dopfri idrett.

Trenarane våre skal:

- vera gode rollemodellar for utøvarane.
- skapa høve til å utvikla individuelle talent og meistringsbehov hjå utøvarane.
- tilpassa trening og konkurransesituasjon til utøvarane sin alder og deira utviklingstrinn, overhalda og respektera verdiane og reglane.
- læra utøvarane å opptre med respekt overfor dommarar og konkurrentar.
- halda meir fokus på meistring enn prestasjon



IL JOTUN

- medverka til eit godt fellesskap og sosialt miljø.
- overhalda idretten sine reglar og normer for fair play, og visa respekt for alle utøvarar.

Grunnprinsipp for vår aktivitet i dei lågaste alderstrinna.

Barn 6 - 12 år

NIF "[Idrettens barnrettigheter - Bestemmelser om barneidrett](#)" gjev dei overordna føringane for denne aldersgruppa.

Barn som driv idrett, gjer det fordi dei tykkjer det er moro. Saman med vener får dei opplevingar og lærdom for livet. Det er dette fundamentet alle trenarar, leiarar og foreldre skal vera med å ta vare på og vidareutvikla.

Breiddeformelen "Trygghet + Mestring = Trivsel" skal leggst til grunn.

- Me trur på at barn utviklar fysikk, teknikk og forståing ulikt.
- Betydning: Den som er "best" som 11 åring, er ikkje nødvendigvis "best" som 16 åring og held kanskje ikkje ein gong på med sin aktivitet lenger
- Alle skal få like sjansar – ingen skal ekskluderast

For aktivitet i øvrige alderstrinn skal kvar særgruppe ha eigne sportsplanar. Desse er presenterte på IL Jotun si heimeside, under den enkelte særgruppe sin portal. Sportsplanane til kvar enkelt gruppe skal vera forankra i visjonen og kjerneverdiane til idrettslaget, og dei skal følgja NIF sitt overordna regelverk og regelverket for det enkelte særforbundet.

Generelt for lagidrettane i IL Jotun har me følgjande retningslinjer for trening og kamp:

Trenarar skal møta godt førebudde og i rimeleg tid før oppmøtetida som er avtalt med spelarane.

Dei skal medverka til positiv stemning på trening og kamp, slik at desse stundene er prega av trivsel og godt humør.

Tilbakemeldingar til utøvarane skal fokusera på positive prestasjonar. Utskjelling av enkeltutøvarar skal ikkje førekoma.

Dei skal visa respekt gjennom eigne haldningar og eiga atferd.

Generelt for lagidrettane i IL Jotun t.o.m 12 år har me følgjande retningslinjer:



IL JOTUN

I løpet av sesongen skal alle spelarane i utgangspunktet settast opp med like mange kampar.

Spelarar skal få prøva seg i ulike posisjonar på bana gjennom sesongen.

I kvar kamp skal me etter beste evne prøva å gje alle like mykje tid på bana.

Dersom me skal nytta faste lag i cup- og seriespel, skal me prøva å setja desse saman slik at dei vert så jamne som mogleg.

«Topping» av lag skal ikkje praktiserast - med «topping» meiner me i denne samanhengen at ein nyttar dei «beste» spelarane oftare enn dei andre, og at ein set saman lag hovudsakleg av dei beste spelarane.

I IL Jotun har me følgjande generelle retningslinjer for hospitering:

Det skal leggjast til rette for at utøvarar med gode ferdigheiter, positive haldningar og treningsiver kan hospitera i ein eldre årsklasse.

Føremålet med hospiteringa er å utvikla utøvarar ved å gje dei utfordringar utover det dei normalt får i si eiga treningsgruppe.

Hovudtrenar for det laget som spelarane høyrer til, vel ut kven som får tilbod om hospitering. All hospitering skal vera avtalt mellom dei involverte laga sine hovudtrenarar.

Hospitering skal ikkje førekoma før det er avklart med foreldra til utøvaren.

IL Jotun organisasjon - presentasjon av gruppene

Idrottslaget Jotun har mange medlemmar og stor aktivitet med mange særgrupper. Desse vil kort bli presentert nedanfor. For meir utfyllande informasjon vert det vist til særgruppene sin portal på heimesida.

[IL Jotun Handball](#)

Organisering og mål for aktiviteten – Gå inn på [IL Jotun Handball](#)

[IL Jotun Fotball](#)



IL JOTUN

Organisering og mål for aktiviteten – Gå inn på [IL Jotun Fotball](#)

IL Jotun Friidrett

Organisering og mål for aktiviteten – Gå inn på [IL Jotun Friidrett](#)

IL Jotun Turn

Organisering og mål for aktiviteten – Gå inn på [IL Jotun Turn](#)

IL Jotun Skigruppa

Organisering og mål for aktiviteten – Gå inn på [IL Jotun Skigruppa](#)

IL Jotun Sykkelgruppa

Organisering og mål for aktiviteten – Gå inn på [IL Jotun Sykkel](#)

IL Jotun Motorsport

Organisering og mål for aktiviteten – Gå inn på [IL Jotun Motorsport](#)

IL Jotun Allidrett

Organisering og mål for aktiviteten – Gå inn på [IL Jotun Allidrett](#)

IL Jotun Styrkeløft

Organisering og mål for aktiviteten – Gå inn på [IL Jotun Styrkeløft](#)

ORGANISASJON - Ansvar, roller og oppgaver

IL Jotun er ein medlemsorganisasjon, og idrettslaget sitt øvste organ er årsmøtet.

IL Jotun har som mål å skapa føreseielege vilkår for alle som har ei rolle i organisasjonen gjennom å tydeleggjera ansvar og mynde, og har lagt til grunn følgjande:



IL JOTUN

- Organisering med enkle rapporteringslinjer og tydeleg ansvar, slik at avgjerder kan takast på lågast mogleg nivå. Dette for å unngå møte der alle skal meina noko om alt.
- Gode rolleskildringar som seier kva som vert forventa av den enkelte. Dette for å skapa tryggleik for den som påtek seg rolla.
- Arbeidsoppgåver spreidde på fleire, slik at me ikkje slit ut eldsjeler.
- Tidsavgrensa oppgåver som åremål for posisjonar/verv som ikkje vert valde på årsmøtet, t.d for medlemmar i AU.
- Etablering av årshjul (oversikt over faste aktivitetar) som hjelp og styring til dei som har ulike roller.

Hovudstyret

Hovudstyret har det overordna ansvaret for all idrettsleg aktivitet, alle arrangement og klubbhuset. Hovudstyret skal sikra gode rammevilkår for aktiviteten og samstundes vera eit bindeledd mellom gruppene.

I tillegg til AU består hovudstyret av leiarane for desse særgruppene:

Handball (Senior/aldersbestemt)

Fotball

Ski

Friidrett

Styrkeløft

Sykkel

Allidrett

Arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet vert oppnemnt av hovudstyret og er idrottslaget sitt administrative organ. Arbeidsutvalet har følgjande roller og funksjonar:

Leiar

Nestleiar/anlegg

Økonomi

Gruppekontakt

Miljøkoordinator

Sekretær

For meir informasjon om AU og kven som har ulike roller – gå inn på [IL Jotun Hovudstyret](#)
[Anleggsutvalet](#)



IL JOTUN

Anleggsutvalet vert oppnemnt av arbeidsutvalet og har som hovudføremål å arbeida for at:

IL Jotun sine anlegg møter gjeldande krav frå idrettskrins og særforbund.
Alle utøvarane i IL Jotun skal ha så gode og moderne anlegg som mogleg.

Vidare skal utvalet:

Ha ei overordna oversikt over anlegg og prosjekt omkring desse.
Hjelpe gruppene i prosjektarbeid omkring anlegg
Søkje samarbeid med andre idrettslag i Årdal om anleggsutvikling.
Vera eit talerøyr inn mot Årdal Idrettsråd, særleg med tanke på handlingsplan for idrettsanlegg i kommunen.

Anleggsutvalet vert leia av nestleiar i IL Jotun.

Gruppene vert oppfordra til å ha eigne anleggsansvarlege og/eller anleggsgrupper som jobbar med prosjekt for å utvikla/forna anlegga.

Strategi og handlingsplan

Som vedlegg til denne klubbhandboka utarbeider IL Jotun ein Strategi- og handlingsplan der hovudmålsetjingane for idrettslaget i komande periode er presenterte. Der skal det gå fram kva strategi laget har for å nå målsetjingane. Overordna målsetjingar og strategiplan vert rullert kvart tredje år.

Som ein del av ein overordna strategiplan er det utarbeidd ein handlingsplan der prioriterte tiltak for komande årsmøteperiode er presenterte.

Strategi- og handlingsplan skal vedtakast på årsmøtet og gjelda for tre år av gongen, men med årleg rullering av handlingsplan. Hovudstyret delegerer til AU å utarbeida forslag til strategi- og handlingsplan, som først vert godkjent av hovudstyret og så lagt fram for årsmøtet for endeleg vedtak.

Store, prioriterte oppgåver skal organiserast som prosjekt med eit klart definert prosjektleiaransvar. Det skal og gå fram av prosjektomtalen kva mandat prosjektet har.

Kvar særgruppe har ansvar for å utarbeida sportsplanar for eiga gruppe. Desse skal spegla dei overordna føringane som er lagde gjennom klubbhandboka, og laget sin Strategi- og handlingsplan.



IL JOTUN

Retningslinjer for bruk av Klubbhuset

Etter tilstelning skal

- Bord vera turka av og sette tilbake i hesteko i samsvar med skisse for oppstilling
- Kjølehjørne og frysar skal vera tømt
- Kjøkenutstyr som er nytta, skal vera vaska i samsvar med reglane
- Bos skal kastast i søppelcontainer.
- Veranda og uteområde skal ryddast for bos og feiast
- Sjekk at stikkontaktar på kaffetraktar etc er ute
- Hugs å lufta godt ut dersom ein har laga til mat

Låserutinar

- Vidauge og dører (verandadør, hovuddør, inngang kontor) skal vera stengde

Den som leiger/brukar huset, er ansvarleg for å gje melding om feil eller manglar som vert oppdaga.

Den som har bestilt storsal/møterom, er ansvarleg for at retningslinjene vert følgde.

For meir informasjon om leige av storsalen eller kontoret – gå inn på [IL Jotun Klubbhuset](#)

Retningslinjer Økonomi

Avtalar

Eit idrettslag er eit eige rettssubjekt, det vil seia at laget på same måten som fysiske personar har rettar og plikter for omverda. Vert det inngått ein avtale, er det laget – organisasjonsleddet - og ikkje den som inngår avtalen på laget sine vegner, som er part i avtalen. I eit vanleg fleiridrettslag heftar hovudstyret - dvs. heile idrettslaget - for det ansvaret einskildgrupper måtte dra på seg

Gruppene kan sjølve forhandla fram avtalar, men dei skal godkjennast av hovudstyret. Avtalane skal vera skriftlege og underskrivast av hovudstyret. Hovudstyret kan ikkje delegera mynde til grupper for underskriving av slike avtalar.

Eksempel på avtalar er:

- Lønnskontraktar
- Leverandøravtalar
- Sponsoravtalar

Når det gjeld sponsoravtalar, er hovudstyret ansvarleg for å forhandla fram dei tre store hovudsponsoravtalane som skal sikra føreseielege vilkår i økonomien til laget.



IL JOTUN

Utover dette er kvar enkelt særgruppe ansvarleg for eigne inntekter til å dekkja sine driftsutgifter.

Lønn

Det skal føreligge skriftleg tilsetjingskontrakt for alle tilsette i Il Jotun. Tilsetjingskontrakt skal som eit minimum innehalde:

- Avtaleperiode
- Avtalt lønn
- Andre rettar

Arkivering

Alle avtalar skal arkiverast i eigen perm i låsbart skap i Jotunhuset.

Fullmakter

Gruppeleiar og økonomileiar skal ha disposisjonsrett til bankkonti. Leiar og økonomileiar i laget skal ha innsynsrett i alle bankkonti. Oversikt over bankfullmakter med signatur skal til ei kvar tid vera à jour.

Dersom det er grunn for dette (for eksempel at gruppeleiar og økonomileiar er i nær slekt / har nær tilknytning til kvarandre), kan gruppeleiar delegera disposisjonsretten til nestleiar eller ein annan i gruppestyret.

Det skal ikkje opprettast eigne bankkonti utan at dette formelt er godkjent av økonomileiar.

Budsjett

Gruppene pliktar å utarbeida budsjett for neste års drift. Budsjett skal utarbeidast i god tid før årsmøtet.

Budsjett skal innehalda:

- Faste utgifter som lønn, kontingentar
- Inntekter som treningsavgift, sponsorinntekter etc.
- Plan over utgifter som innkjøp av materiell, utdanning, kurs
- Oversikt over investeringar /større kjøp

Fotball, handball og hovudlag bør òg ha likviditetsbudsjett.



IL JOTUN

Økonomileiar pliktar å setja opp frist for arbeidet og sy saman gruppene sine budsjett.

Rekneskap

Rekneskapen skal:

- Gje eit korrekt bilete av organisasjonens økonomi i rekneskapsperioden
- Visa økonomisk stilling ved rekneskapsavslutninga
- Dekka brukargruppene sine informasjonsbehov
- Visa utgifter i same periode som inntekter (samanstillingsprinsippet)
- Følgja prinsippet om varsemnd, noko som tilseier at inntekter først skal registrerast når dei er opptente, og ein skal føreta avsetning for påløpte kostnader dersom ein ikkje har fått faktura

Vedleggs- /fakturahandtering

Alle transaksjonar i rekneskapen skal dokumenterast med vedlegg. Vedlegg kan vera motteken faktura, kvitteringar og innbetalingskvitteringar. Eventuelle andre føringar utan motteken dokumentasjon skal det og lagast vedlegg på som synleggjer beløp, føringar og årsak til korreksjon.

Økonomileiar/gruppeleiar har ansvaret for at alle inngåande fakturaer blir betalte innan betalingsfristen.

Alle vedlegg skal konterast. Det vil seia å setja på rett kontonummer i samsvar med vedlagde kontoplan.

Rekneskapsreglane krev i utgangspunktet at vedlegg skal attesterast og tilvisast av to personar, i prinsippet gruppeleiar og økonomileiar.

Rekneskapen skal leverast til føring hos rekneskapskontoret Visma månadleg eller pr andre månad etter behov. Det kan ved liten aktivitet avtalast med økonomileiar innlevering etter andre intervall.

Handsaming av MVA



IL JOTUN

Viser til vedlagte skriv frå Skattedirektoratet vedrørende MVA for allmenntnyttige organisasjonar.

Fordeling av rekneskapsutgifter

Rekneskapskapen blir ført hjå lokalt rekneskapskontor. Rekneskapskapshonorar skal fordelast gruppene som følgjer:

Bilag < 75 skal dekkast av hovudstyret
Bilag -> 75 skal dekkast av den einskilde gruppa.

Buss

Det skal førast eige resultatrekneskap for buss.

Gruppene er ansvarlege for å følgja reglar vedrørende buss. For reiser som foreldre har køyrt på dugnadsbasis, skal ein kunna låna bussen vederlagsfritt.

For reiser utover dette skal respektive gruppe betala for bruk av bussen.

Økonomileiar i hovudlaget har ansvar for å senda melding om utgifter 2 gonger pr år.

For meir informasjon om bruk og leige av buss og prisar – gå inn på [IL Jotun Buss](#)

Grillhengar / Utstyr

Leiar har ansvaret for utleige av hengar/utstyr

Utstyr:
2 grillar
2 gassflasker
2 telt
bord/stolar

Gruppene skal ta kontakt med leiar ved lån av hengar/utstyr. Utstyret skal ryddast på plass etter lån. Ein grill, ei gassflaske og to telt skal oppbevarast i fotballgarasjen. Det øvrige utstyret skal plasserast i grillhengaren. Utstyret skal setjast på plass i høve rettleiing frå leiar.



IL JOTUN

Grillhengar / utstyr kan leigast etter avtale med leiar. For meir info om prisar for leige av grillhengar, grill og utstyr – gå inn på IL Jotun Grillhengar (*prislister må lagast og link leggast inn*).

Reiser

Reiser i Jotunregi skal etter avtale med gruppeleiar/Jotun godgjerast etter rekning. Det skal fyllast ut reiserekning med føremålet med reisa. Utgiftsvedlegg skal heftast ved reiserekninga. Utgifter i samband med bil skal som hovudregel godtgjeraast med statens sats for pendlarreiser.

For nærmare informasjon om reisereglement/satsar – gå inn på IL Jotun Reisereglement (*dette må lagast og link leggast inn*)

Rapportering

Det skal setjast opp perioderekneskap pr 30.06 og 31.12.

Økonomileiar/gruppeleiar skal orientera hovudstyret ved investeringar og om større driftskjøp som ikkje er medtekne i budsjettet.

Budsjettet skal vera eit løpande styringsverktøy og bør reviderast ved behov. Gruppeleiar har ansvar for å orientera hovudstyret ved vesentlege avvik frå budsjettet.

Lover for IL Jotun

All aktivitet i IL Jotun skal drivast med grunnlag i NIF sine lover og reglar, i tillegg til lover og reglar for særforbund tilslutta NIF.

[Norges Idrettsforbund](#)

[Norges Fotballforbund](#)

[Norges Friidrettsforbund](#)

[Norges Håndballforbund](#)

[Norges Motorsportforbund](#)

[Norges Styrkeløftforbund](#)

[Norges Gymnastikk- og Turnforbund](#)

Norges Cykleforbund



IL JOTUN

Dokumentoversikt IL Jotun

Nr	Beskrivelse
1	Samtykkeerklæring bildebruk Web



IL JOTUN

SAMTYKKE TIL PUBLISERING AV BILETE OG VIDEO PÅ INTERNETT

På internett blir IL Jotun sine aktivitetar vist, både gjennom ord, bilete og video. Dette blir distribuert på offisielle heimesider eller gjennom sider på sosiale medier i regi av IL Jotun.

I dei fleste tilfelle nyttar me situasjonsbilete frå kamp, konkurranse, trening, lagfoto eller tilsvarande.

I alle tilfelle, for born og ungdom under 13 år, skal kun fornamn og ev. fyrste bokstav i etternamn nyttast, uansett type bilete. Andre personopplysningar skal ikkje leggast ut.

For bruk av portrettbilete på heimeside, seier personlova at den/dei som er avbilda skal godkjenne at biletet vert lagt ut på nett. For born under 15 år må foreldre/føresette gje sitt samtykke.

Som ansvarleg for at bilete/video vert lagt ut, ber leiinga i IL Jotun med dette foreldre/føresette om samtykke til at dette kan nyttast på heimesida ut frå dei føresetnader som er nemnt i dette dokumentet.

Samtykket er gjeldande så lenge barnet er medlem i idrettslaget, eller til ein av partane ynskjer å endre på avtalen.

Vedtatt hovudstyremøte IL Jotun 08.04.13

Ja, eg/vi gjev løyve til at bilete/video av _____
kan nyttast på IL Jotun sine heimesider (namn på born)

Nei, eg/vi ynskjer ikkje at bilete/video av _____
vert publisert på IL Jotun sine heimesider (namn på born)

Dato og underskrift frå foreldre/føresette:



IL JOTUN

Revisjonsprotokoll klubbhandbok

VERSJON	REVIDERT	REVISJONSPUNKT
1.1	13.02.13 Årsmøte IL Jotun	Vedtatt på årsmøte IL Jotun 28.02.2013
1.2	08.04.13 Hovudstyremøte	Revidert inn samtykkeerklæring for bildebruk på web sider i regi av IL Jotun. Lagt til revisjonsprotokoll. Inkludert topp og bunntekst.